

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.01.2007
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Framtidig utbyggingsstrategi for Stavanger universitetssjukehus**

Arkivsak

2005/544/039

Styresak 015/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

Spørsmålet om framtidig utbyggingsstrategi for Stavanger universitetssjukehus blei behandla i styret i Helse Stavanger HF 26.10.06, jf sak 71/06. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret mener at det i et 10-15 års-perspektiv vil være driftsmessig og økonomisk forsvarlig å bygge ut og bli værende på Våland for å utnytte de investeringar som allerede her er gjort. Likevel mener styret at det ikke vil være hensiktsmessig å bli på Våland i all fremtid.
2. Videre nybygging av SUS, forutsatt at det fremdeles ikke vil være finansielt mulig å etablere et nytt sjukehus, bør skje etter tidligere vedtatt to-sentermodell. Dette må bli en trinnvis utbygging på ny tomt i det tempo som behovet tilsier.
3. En slik nybygging krever forholdsvis store arealer og god infrastruktur, og plasseringen må sees i et 100 års-perspektiv.
4. Det er styrets oppfatning at det er tilstrekkelig tid til å finne et slikt område. Det er viktig at prosessen omfatter hele regionen for å forankre valget av ekspansjonsstedet på en trygg måte.
5. Saken oversendes Helse Vest RHF for videre behandling.

Saka blir her lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Kommentarar:

Styret i Helse Stavanger HF behandla i mai 2003 for fyste gong framtidig strategi for utvikling av sjukehusets bygningsmasse. Det blei valt ei såkalla to-senter løysing med ei trinnvis utbygging på ei ny tomt. Bakgrunnen for dette var at styret vurderte det som vanskeleg å realisera ei større utbygging på noverande område og kostnadane ville bli like høge som nybygg på ny tomt.

I etterkant av dette har Stavanger kommune utarbeidd ny kommuneplan som opnar for at sjukehuset kan disponera eit noko større tomteareal på Våland. Kommunen ønskte med dette som bakgrunn ei ny vurdering av utbyggingsmogelegheitene på noverande tomteområde.

Det blei etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Stavanger universitetssjukehus (SUS), Stavanger kommune, Universitetet i Stavanger og Helse Vest RHF for å vurdere framtidig lokalisering av SUS.

Det blei utarbeidd ei prosjektrapport datert 16.06.06. Styringsgruppe for prosjektet som besto av representantar for dei deltakande partane, uttalte til rapporten:

Styringsgruppen godkjente arbeidsgruppens rapport. Styringsgruppen betoner vidare den usikkerheten som ligger i framtidig areal- og kapasitetsbehov på grunnlag av den medisinske, teknologiske og politiske utvikling i forhold til behov.

Fremtidig lokalisering av SUS må vurderes ut fra følgende 4 hovedhensyn:

1. Evne til å takle utviklingen på lang sikt dersom endringer eller ekspansjonsbehovet blir vesentlig.
2. Evne til å videreutvikle kompetanse sammen med andre kompetansemiljøer.
3. Oppfølging av regionale utviklingsmål om fortetting, arbeidsplasser og publikumsrettet virksomhet i og nær sentre, bruk av miljøvennlig transport
4. God tilgjengelighet for alle.

Styringsgruppen er av den oppfatning at framtidig lokalisering av SUS har store regionale implikasjoner, og ønsker at saken får en åpen og bred behandling i relevante fora. Foreliggende rapport unntas ikke fra offentlighet.

Styringsgruppen anbefaler at sluttrapporten nå går til samarbeidspartene Universitetet i Stavanger, Stavanger kommune, Helse Stavanger HF og Helse Vest RHF til orientering.

Helse Stavanger har i arbeidet mellom anna peika på at ei samlokalisering med Universitetet i Stavanger på Ullandhaugområdet kan gi ei gjensidig styrking av dei to institusjonane særleg når det gjeld forskning og undervisning. PWC blei gitt i oppdrag å laga eit arbeidsnotat om denne problemstillinga. Notatet som er datert 17.08.06, konkluderar med at ei samlokalisering vil kunne styrke begge verksemdene.

Saka er deretter behandla i styret i Helse Stavanger ved fleire høve sist 26.10.06, jf sak 71/06. Vedtaket står i innleiinga til denne saka.

Dette betyr at styret i Helse Stavanger HF meiner at det på noverande tomteområde på Våland er potensiale for ei vidare utbygging i et 10-15 årsperspektiv og drift i et monaleg lengre tidsperspektiv. På lengre sikt bør det finnast ei ny tomt for ei trinnvis utbygging i samsvar med den tidligare vedtekne to-sentermodellen.

Ei ny tomt må vere stor, krev god infrastruktur og må vere hensiktsmessig plassert. Plasseringa må sjåast i eit 100 årsperspektiv.

Val av ny tomt må vere gjenstand for ein brei prosess og vere godt forankra.

Val av framtidig utbyggingsstrategi for SUS inneber ei vanskeleg avveging mellom fleire omsyn. Det gjeld omsyn til utnytting av noverande investeringar, framtidig behov for tenester, ønske om eit mest mogeleg samla sjukehus, moglege synergieffektar knytt til samlokalisering med Universitetet i Stavanger, lokale og regionale omsyn og kva som er økonomisk mogeleg.

Styret i Helse Stavanger har valt ei balansert løysing kor ein i fyrste omgang konsentrerer seg om nytting og utvikling av noverande sjukehusområde. Det vil på den eine sida no ikkje vere realistisk å bygge eit heilt nytt sjukehus på ei ny tomt. På den andre sida må ein vere open for at noverande tomteområde sjølv med ei viss utviding ikkje vil vere tilstrekkeleg i eit lengre perspektiv slik ein kan forventa utviklinga vil vere.

Utbygging på ei ny tomt vil ligge lengre fram i tid. Det vil likevel vere riktig å starte eit arbeid med å kartlegge mogelige alternativ tidlig. Det er naturleg at Helse Vest RHF i samarbeid med Helse Stavanger HF tar initiativ til ei slik kartlegging i nært samarbeid med aktuelle aktørar.

I den vidare planlegging av utbygging på sjukehusområdet og på ei ny tomt bør det også foretas ei fornya vurdering og oppdatering av plangrunnlaget som hittil har vore nytta. Det betyr mellom anna at det må gjerast nye vurderingar av korleis behovet for tenester kan forventast å utvikla seg og korleis Helse Stavanger kan møte dette behovet.

Forslag til vedtak:

1. Styret for Helse Vest RHF sluttar seg til framtidig utbyggingsstrategi for Helse Stavanger HF slik det går fram av styresak 71/06 i Helse Stavanger HF.
2. Helse Vest RHF tar i samarbeid med Helse Stavanger HF initiativ til kartlegging av alternative tomteområdet overfor aktuelle aktørar.
3. Helse Vest RHF tar i samarbeid med Helse Stavanger initiativ til ei fornya vurdering av framtidig behov for tenester.